

## Protokoll frå regionstyremøte

### Møte nr. 1/2014

Dato: 11. - 12. januar 2014

Nordfjord Hotell Nordfjordeid

#### Til stades frå styret:

Nils-Gunnar Solli, Anita Nøring, Grete Sjøhagen Nedrebø, Kari Klokseth, Oddgeir Øren, Caroline Bjørge

#### Til stades frå administrasjonen:

Dagleg leiar Lars Alver Krum

Møtet blei leia av regionstyreleiar Nils-Gunnar Solli.

#### Vedtaksaker:

- 1/ 2014                      Godkjenning av innkalling og sakliste  
**Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent, med tillegg av sak 12/ 2014 som orienteringssak: Regionkorpsa**
- 2/ 2014                      Aktivitetsplan, oppfølging frå møte 4/ 2013  
**Vedtak:**  
1a    Styret fastset følgjande frist for å søkje om arrangøransvar for konkurransar i 2015: 15. februar 2014.  
1b    Styret fastset følgjande frist for å søkje om arrangøransvar for konkurransar i 2016: 15. juni 2014.  
1 c    Styret ber om at aktivitetsplanen vert fortløpande oppdatert.  
1 d    I 2014 gjennomførast distriktsmøte i Sogn og på Nordmøre. Fortrinnsvis i oktober månad. Styret prioriterer i tillegg medlemskontakt knytt til Nordvesten-arrangementa og Nordvestkonferansen.  
1 e    I 2015 gjennomførast medlemskontakt etter same modell som i pkt. 1d, men styret kjem tilbake til geografisk prioritering.
- 2       Styret sluttar seg til administrasjonen sitt forslag om å leggje sommarkurs drill til Molde.

3 Styret ber administrasjonen lyse ut etter teknisk arrangør for Nordvesten for vaksenkorps 2014, som etter oppsett plan skal arrangerast i Møre og Romsdal. Frist for å søkje er 15. februar. Viss ingen arrangørar frå Møre og Romsdal melder seg innan fristen, opnar styret for å legge arrangementet til Sogn og Fjordane. AU tek endeleg avgjersle.

- 3/ 2014 Nettsider og sosiale media, jfr. sak 42/ 2013  
**Vedtak:** Styret ber administrasjonen omarbeide nettsidene i tråd med dei gitte signal.
- 4/ 2014 Samarbeid med Yamaha og Norsk Noteservice om haustturneen. (Jf. også sak 21/2013 i møte på Skei)  
**Vedtak:** Regionstyret ber administrasjonen arbeide for at haustturneen gjer tre stopp i regionen kvart år. Det vert vurdert korleis NMF Nordvest kan nytte arenaen betre til informasjon og medlemskontakt.
- 5/ 2014 Sponsorarbeid og tilskotsmoglegheiter.  
**Vedtak:** Regionstyret vidarefører vedtak i sak 34/ 2013.
- 6/ 2014 Representasjon - evaluering av noverande praksis  
**Vedtak:** Regionstyret vidarefører vedtaket i sak 14/ 2011, dvs. at regionstyret som hovudregel vil vere representert ved tildeling av utmerkingar frå NMF og ved jubileum i medlemskorpsa når det ligg føre invitasjon. Dette gjeld fortrinnsvis ved runde jubileum som 25, 50, 75 og 100 år.
- 7/ 2014 Budsjett 2014.  
**Vedtak:** Regionstyret slutta seg til det framlagte forslaget med følgjande endringar:
- 1 Deltakaravgifter på Nordvesten-arrangementa vert endra slik:  
Nordvesten for skulekorps: Avgifta per deltakar vert fjerna, og avgifta per korps vert satt til kr. 6000,-  
Nordvesten for vaksenkorps: Avgifta per korps vert auka til kr. 3500,- og avgifta per deltakar vert senka til kr. 100,-
  - 2 Nordvestkonferansen:  
Budsjettet for konferansen vert basert på ei deltakaravgift på kr. 500,- per deltakar og eit deltakartal på 50. At dette deltakartalet vert nådd er ein føresetnad for at konferansen vert arrangert.  
Konferansen går over ein dag.

Vedtatt budsjett ligg som vedlegg til protokollen.

8/ 2014 Gjennomgang av styreprotokoller for 2013, status for oppfølging.  
**Vedtak: Regionstyret viser til vedtak i sak 35/ 2013, pkt. 3 (regional handlingsplan), og ber om at dette vert forberedt som sak på neste styremøte. I tillegg viser regionstyret til tidligere vedtak om utarbeiding av arrangementsnøkkel. Dette arbeidet må tas opp att og gis prioritet i første halvår av 2014.**

9/ 2014 Delegater til landsmøtet 2014  
**Vedtak:**  
NMF Nordvest deltek med det antall delegater regionen har rett til etter vedtektene.  
Delegater til landsmøtet i 2014 er regionstyret inkludert varamedlemmar. Behov for delegater/ varadelegater utover dette avgjerast av AU.

**Orienteringssaker:**

10/ 2014 Nytt frå regionkontoret  
• Nasjonale oppgaver ved regionkontoret.  
**Vedtak: Informasjonen tas til vitande**

11/ 2014 Nytt frå NMF sentralt  
• Ny generalsekretær  
• Arbeid med nye vedtekter  
• Valgkomite  
• 100-års jubileum 2018  
• nasjonalt budsjett 2014  
**Vedtak: Informasjonen tas til vitande**

12/ 2014 Regionkorpsa  
**Vedtak: Driftsorganisasjon for regionkorpsa vert tatt opp som sak på neste styremøte.**

Nordfjordeid, 12. januar 2014



Nils-Gunnar Solli  
regionstyreleiar



Lars A. Krum  
dagleg leiar

## Protokoll frå regionstyremøte

Møte nr. 2/2014

Dato: 15. - 16. mars 2014  
Fylkeshuset Molde

Til stades frå styret:

Nils-Gunnar Solli, Grete Sjøhagen Nedrebø, Kari Klokseth, Knut J. Mikkelsen, Caroline Bjørge (frå kl.10:37) og Hilde Hoddevik.

Til stades frå administrasjonen:

Musikkonsulent / fungerande dagleg leiar, Jørgen A. Brecke

Møtet blei leia av regionstyreleiar Nils-Gunnar Solli.

Vedtaksaker:

- |          |   |
|----------|---|
| 12/ 2014 | <p>Godkjenning av innkalling og sakliste<br/><u>Vedtak:</u><br/>Innkalling og saksliste godkjent.</p>   |
| 13/ 2014 | <p>Organisering av regionkorpsa<br/>Regionstyret diskuterte saka ut i frå følgjande disposisjon:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Formål / målsetting</li><li>• Organisering / leing</li><li>• PR / Informasjon</li><li>• Økonomi</li><li>• Samlingstidspunkt / samlingsstad</li></ul> <p><u>Vedtak:</u><br/>Regionstyret ber AU følgje opp saka med å utforme eit styringsdokument som skal leggjast fram på neste styremøte.</p>   |
| 14/ 2014 | <p>Nordvestkonferansen 2014<br/><u>Vedtak:</u><br/>Regionstyret godkjenner at det faglege innhaldet på konferansen vert satt opp frå laurdag 13/9 kl.11:00 til søndag 14/9 kl.12:00. Konferansen vert avslutta med konsert med regionkorpsa i Eid kyrkje søndag 14/9. Konferanseprogrammet skal ha følgjande tema / innhald:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Verkstad: Kva vil vi? Samhandling/dialog/aktivitet</li><li>• Kurs i korpsdriftsportalen</li><li>• Samarbeid Norsk kulturskoleråd / NMF</li></ul> <p>Påmeldingsfrist vert satt til 1. juni.</p> |
| 15/ 2014 | <p>Utforming av arrangementsnøkkel<br/><u>Vedtak:</u><br/>Saka vert utsatt til neste styremøte.</p>   |

- 16/ 2014                    Evaluering av Nordvesten 2014 for skulekorps/drill (M&R og S&F)  
Mottekne innspel blei gjennomgått. Styremedlemmane som hadde  
vore til stades og dagleg leiar orienterte om sine erfaringar.  
Vedtak:  
Regionstyret tek innspela til vitande og kjem attende til vurdering av  
aktuelle tiltak / konkret oppfølging.
- 17/ 2014                    Møteplan for regionstyret 2. halvår 2014  
Vedtak:  
    • Styremøte nr. 4/ 2014 vert halde 12.-14. september på  
    Nordfjordeid i samband med Nordvestkonferansen 2014.  
    • Styremøte nr. 5/ 2014 vert halde 21.-23. november i Ørsta.
- Protokollmerknad: Møteplan for 1. halvdel 2015 vert avklara på neste  
regionstyremøte.
- 18/ 2014                    Møtestad for regionstyremøte i juni 2014 (møte 3/ 2014)  
Vedtak:  
Regionstyret ber administrasjonen leggje til rette for at møtet vert halde  
på følgjande stader, i prioritert rekkjefølgje:  
    1. Bremanger (Knutholmen)  
    2. Florø
- 19/ 2014                    Landsmøte NMF 2014 - Delegatar frå region Nordvest  
Vedtak:  
Regionstyret gir AU fullmakt til å sette opp endeleg delegatlista frå  
region Nordvest til NMF's landsmøte i april 2014.


### Orienteringssaker:

- 20/ 2014                    Nytt frå regionkontoret  
Regionstyreleiar og fungerande dagleg leiar orienterte om situasjonen  
ved regionkontoret og dialogen med gen.sekr. om aktuelle tiltak m.m.  
Vedtak:  
Regionstyret tek informasjonen til vitande.
- 21/ 2014                    Nytt frå NMF sentralt  
Det blei orientert m.a. om status for representasjon (delegatar) og  
valkomiteen sitt arbeid til landsmøtet.  
Vedtak:  
Regionstyret tek informasjonen til vitande.

Molde, 16. mars / 14. april 2014



Nils-Gunnar Solli  
regionstyreleiar



Jørgen A. Brecke  
fung. dagleg leiar

## Protokoll frå regionstyremøte

### Møte nr. 3/ 2014

*Dato: 20. - 22. juni 2014*

*Stad: Knutholmen, Kalvåg*

#### Til stades frå styret:

Nils-Gunnar Solli, Anita Nøring, Grete Sjøhagen Nedrebø, Knut Mikkelsen, Oddgeir Øren og Caroline Bjørge.

#### Til stades frå administrasjonen:

Konstituert dagleg leiar Jørgen A. Brecke

Møtet blei leia av regionstyreleiar Nils-Gunnar Solli

### Vedtaksaker (A-saker):

- 22/ 2014                      Godkjenning av innkalling og sakliste  
Vedtak:  
Innkalling og sakliste godkjent.
- 23/2014                      Økonomirapport pr. 31. mai 2014  
Konst. dagleg leiar Jørgen A. Brecke la fram økonomirapporten.  
Vedtak:  
Styret tok økonomirapporten til etterretning.
- Protokollmerknad:  
Vedkomande gåve frå NMR Sogn og Fjordane på kr. 15.000 så vil regionstyret prioritere støtte til unge dirigentar etter søknad. AU tek avgjersle.
- 24/ 2014                      Organisering og drift av regionkorpsa - styringsdokument  
Vedtak:  
Regionstyret sluttar seg til utkastet frå administrasjonen med dei forslag til endringar som blei lagt fram i møtet og innarbeidd i dokumentet (i hovudsak på side 1 i dokumentet).  
1) På noverande tidspunkt vert det ikkje lagt opp til å endre organiseringa av samlingar og lokalisering, med unntak av det som følgjer av pkt. 2, 3 og 4 under. Eventuell alternativ struktur ut over dette tas opp på eit seinare tidspunkt. Bruk av faste vertskorps blir f.t. ikkje vurdert som aktuelt.

- 2) Regionstyret har ei målsetting om vidareføring av NUB sitt noverande konsept, med lokalisering i hovudsak langs aksene Sandane - Ålesund.
- 3) For NUK skal det vurderast eit nytt konsept med hovudbase Ålesund. AU arbeider vidare med mulige samarbeidspartar.
- 4) Regionstyret skal fram mot neste regionting vurdere nye konsept knytt til satsing på regionale korpssamlingar for dei yngste (t.d. aldersgruppa 10/12 - 14/15 år) og regionalt samarbeid om ensemble / grupper med utgangspunkt i Balejazz og MoldeJazz (døme: Jazzloggen i Molde).

- 25/ 2014 Nordvestkonferansen 2014 - Program, deltaking og økonomi  
Vedtak:  
Regionstyret går inn for gjennomføring av konferansen ut i frå det noverande deltakertall og endra økonomisk grunnlag (mindre utgifter). Ut i frå denne situasjonen vert fristen for påmelding utvida til den 30.06.2014.
- 26/ 2014 Utforming av arrangementsnøkkel  
Vedtak:  
1) Regionstyret sluttar seg til det framlagte dokument om arrangementsnøkkel for korpsskurransar, utan endringar.  
2) Regionstyret ber om at det vert laga ei handbok for generelle arrangement (ikkje spesifikt for konkurransar) der målgruppa er medlemskorpsa. Handboka skal ikkje vere like omfattande som det framlagte dokumentet, jf. pkt. 1. AU følgjer opp dette arbeidet.
- 27/ 2014 Invitasjon frå NMF Trøndelag om regionkorpstreff  
Vedtak:  
Ut i frå ei samla vurdering av ressursbruk og regionen si eiga aktivitetsplan takkar NMF Nordvest nei til invitasjonen.
- 28/ 2014 Møteplan 1.halvår 2015 (inkl. regionting og Nordvestkonferanse), samt korrigering av møteplan for 2. halvår 2014  
Vedtak:  
1) Ordinært styremøte 13.-15. februar (første helg i vinterferien) i Ålesund, med Molde som alternativ.  
2) Ordinært styremøte 10. april, knytt opp til regiontinget 2015 i Ørsta, Nordfjordeid eller Loen.
- Protokollmerknad:  
På grunn av aktivitetar i perioden vert innsendingsfristen for saker som skal tas opp på regiontinget skyve frem. Sakane må leverast før styremøtet 13.-15. februar. Melding vert sendt ut til medlemmane.

Korrigert møteplan 2. halvår 2014:

Siste møte vert 22.-23. november eller 5.-7. desember etter nærare utsjekking om styremedlemmane kan. Dersom valet vert 5.-7. desember blir det oppstart av møtet på fredagen.

- 29/ 2014      Oppfølging etter NMF's Landsmøte i april 2014  
Vedtak:  
Regionstyret tek protokollen frå landsmøtet 2014 til etterretning.
- 30/ 2014      Styrerepresentasjon under sommaraktivitetane 2014  
Vedtak:  
Regionstyret blir representert slik:  
Gult Kurs Nordfjordeid 26.-29. juni: Knut Johan Mikkelsen  
Rødt Kurs Nordfjordeid 30. juni - 5. juli: Oddgeir Øren eller konst.  
dagleg leiar Jørgen A. Brecke  
Musikkveka Nordfjordeid 6.-12. juli: Grete Sjøhagen Nedrebø  
Gult/Rødt kurs Molde 3.-6. juli: Oddgeir Øren/Nils-Gunnar Solli  
Drillkurs Molde: 3.-9. august: Nils-Gunnar Solli/Anita Nøring  
Grått kurs Ørsta 24.-27. juli: Nils-Gunnar Solli/Oddgeir Øren
- 31/ 2014      Nasjonal OU-prosess - Regionrepresentasjon i arbeidsgruppe  
Vedtak:  
Oddgeir Øren representerer NMF Nordvest i arbeidsgruppa for nasjonal OU-prosess. Knut Johan Mikkelsen er vararepr.
- 32/ 2014      Rullering av aktivitetsplan for NMF Nordvest (regional aktivitet)  
Vedtak:  
Administrasjonen sitt forslag om rullering av aktivitetar i 2016 blei vedteke med 5 mot 1 stemme. Oddgeir Øren stemte imot, i det han stemte for å stå ved prinsippet med faste tidspunkt / helger osv. frå år til år.  
Nordvesten for skolekorps 2016 blir flytta på grunn av påska si plassering. Det å halde på prinsippet om faste tidspunkt / helger i 2016 vil medføre store praktiske problem.
- 33/ 2014      Nasjonale leiarsamlingar og regional deltaking  
Vedtak:  
NMF Nordvest vert representert slik på nasjonal leiarsamling i sept. 2014:  
Nils-Gunnar Solli, Grete Sjøhagen Nedrebø og Knut Johan Mikkelsen med Caroline Bjørge som vararepr.
- 34/ 2014      Tildeling av regionale arrangement 2015  
Vedtak:  
**Midtnorsk meisterskap i drill** blir avgjort av AU etter at drøftingsmøte er gjennomført med søkjaren (arrangøren) frå Averøy.  
**Nordvesten for skolekorps, Møre og Romsdal** vert tildelt Frei



skolekorps og Frei Hornmusikk. Tomra/Ørskog-festivalen (TØF) vert informert om mulig samarbeid seinare, jf. tidspunkt for konkurransen i 2016.

**Nordvesten for skolekorps, Sogn og Fjordane** vert tildelt Florø Skoles Musikkorps.

**Nordvesten for vaksenkorps** vert tildelt Molde Janitsjar.

Alle tekniske arrangørar må legge det vedtekte dokumentet «Handbok for konkurransearrangørar» til grunn for sitt arbeid.

35/ 2014 B-sak (eigen protokoll)

**Orienteringssaker:**

36/ 2014 Nytt frå regionkontoret  
Kst. dagleg leiar informerte. Styreleiar informerte om problematikken knytt til styremedlemmar som jobbar på sommarkurs.

Vedtak:

Regionstyret tek informasjonen til vitande.

37/ 2014 Nytt frå NMF sentralt  
Regionstyreleiaren informerte.

Vedtak:

Regionstyret tek informasjonen til vitande.

38/ 2014 Aldersfordeling i korpsa (innspel frå Oddgeir Øren)  
Oddgeir Øren og kst. dagleg leiar informerte.

Vedtak:

Regionstyret tek informasjonen til vitande.

39/ 2014 Status for Nordvesten vaksenkorps 2014  
Kst. dagleg leiar informerte.

Vedtak:

Regionstyret tek informasjonen til vitande.

40/ 2014 Evaluering Midtnorsk meisterskap i drill 2014 (Molde 22. mars)

Vedtak:

Regionstyret tek informasjonen til vitande.

Molde, 27.06.2014



Nils-Gunnar Solli  
regionstyreleiar



Jørgen A. Brecke  
kst. dagleg leiar

## Protokoll frå regionstyremøte

Møte nr. 4/2014

*Dato: 12. - 13. september 2014*

*Nordfjord Hotell Nordfjordeid*

### Til stades frå styret:

Nils-Gunnar Solli, Anita Nøring, Knut Mikkelsen, Grete Sjøhagen Nedrebø, Kari Klokseth, Oddgeir Øren, Caroline Bjørge

### Til stades frå administrasjonen:

Kst. dagleg leiar Ingrid Sofie Nygaard.

Møtet blei leia av regionstyreleiar Nils-Gunnar Solli.

### Styremøtet blei innleia med dialog mellom gen.sekr. Karl Ole Midtbø og regionstyret.

Tema for møtet var i hovudsak dette:

- Kontorsituasjonen
  - Status pr. 15. aug. 2014: Ingrid Sofie Nygaard (konstituert som dagleg leiar) og Jørgen A. Brecke (fast, musikkonsulent) med regionale oppgåver. Lars Alver Krum (fast, seniorkonsulent) med nasjonale oppgåver.
  - Regionstyreleiar starta med å seie seg nøgd med den løysinga NMF Nordvest no har fått. Han takka gen.sekr. for at det er kome på plass ei ordning på relativt kort tid.
  - Utfordringa på sikt er situasjonen m.o.t. økonomi og tilsetting av ny, fast dagleg leiar frå aug. 2015.
  - Det blei også orientert om at regionstyreleiaren hadde invitert dei tilsette ved regionkontoret til ein lunsj og uttrykt takk (m/blomster) til Lars Alver Krum for tida som dagleg leiar og til Jørgen A. Brecke for innsatsen som konst. dagleg leiar i fleire periodar. Ingrid Sofie Nygaard ønska velkommen til regionkontoret.
  - Gen.sekr. informerte litt om NMF sine utfordringar i tida før han tok til i stillinga, samt litt om no-situasjonen. Han gav m.a. uttrykk for tru på at løysinga ved regionkontoret i Nordvest var god både for NMF nasjonalt og region Nordvest.

- Økonomi (budsjett- og rekneskapsrutinar)
  - Daglege økonomiske rutinar i forhold til langtidsbudsjett og budsjettprosessen i dag som fastlegg dei økonomiske rammene for 2 år av gangen.
  - Generelt er regionøkonomien på riktig vei. Ønsker at det er faste tidspunkt for økonomirapport, kvartal eller tertial. Administrasjonen informerte om at det til kvart styremøte skal bli laga ein økonomirapport, samt at ein prognose for resultat ved utgangen av 2014 kjem til neste styremøte.
- Støtte i fagleg samanheng frå nasjonalt til regional nivå
  - Behovet for støtte frå nasjonalt hald til utredning av større saker blei diskutert. Som døme her blei trekt fram Nordvest sitt arbeid med arrangementsnøklar og styringsdokument for regionkorps.
- Rutiner i enkeltsaker
  - Erfaringar med t.d. søknadar om heidersteikn blei utveksla, - semje om at forbetringar kan gjerast.

#### Vedtaksaker:

41/2014

Godkjenning av saklista

Vedtak: Godkjent utan merknad.

42/2014

Økonomirapport pr. 31.08.14

Vedtak: Regionstyret tek økonomirapporten til etterretning.

43/2014

Status organisering og drift av regionkorpsa

Administrasjonen og AU orienterte om følgjande:

#### NUB (Brass):

Ikkje løysing enno når det gjeld ny foreldrekontakt til NUB. Det vert inntil vidare produsert NUB-samlingar etter tidlegare planer.

#### NUK (Janitsjar):

Det er gjennomført møte med mulige nye samarbeidspartar i Ålesundsområdet (med tanke på ny samlingsbase for NUK). Det har også vore møte med Sparebanken Møre om eventuell finansieringsstøtte for ny NUK-satsing.

Vedtak: Regionstyret tek informasjonen til orientering.

44/2014

Betalingssatsar for regionkorpsa

Dagleg leiar gjorde greie for grunnlaget for forslaget til ny betalingsløysing for kontingent til NUB og NUK.

Vedtak: Regionstyret sluttar seg til administrasjonen sitt forslag til endring av system for innkrevjing av kontingent til NUB og NUK. Det betyr separat faktura for ein grunnkontingent og ein kontingent for kvar samling.

45/2014

Evaluering av sommarkurs 2014, økonomi og gjennomføring

Daglege leiar gjorde greie for deltaking og økonomi knytt til sommarkursa 2014.

Vedtak: Regionstyret tek orienteringa til etterretning. Innspela i debatten vert lagt til grunn for administrasjonen sitt arbeid med sommarkursa neste år.

46/2014

Representasjonsoppdrag

Regionstyreleiar og dagleg leiar orienterte om aktuelle oppdrag og invitasjonar motteke frå medlemskorps.

Vedtak: AU får ansvar for å finne løysing på kven som kan representere regionnivået under prioriterte arrangement / jubileum og tildeling av heidersteikn.

47/2014

B-sak (ikkje offentleg), - sjå eigen protokoll.

### Orienteringssaker:

48/2014

Nytt frå regionkontoret og NMF sentralt

Dagleg leiar informerte om følgjande:

- Handlingsplanprioritering i regionen
- God påmelding til Nordvesten vaksenkorps i Gloppen
- Dirigentkurs hausten 2015
- Gen.sekr. har bestemt at det berre er administrasjonen (nasjonalt nivå) som har rolla som administrator til NMF's offisielle Facebook-side og ikkje medlemmar i regionstyra, slik det i ein periode har vore høve til.

Informasjon frå regionstyret:

- Oddgeir Øren informerte om den nasjonale OU-prosessen (ikkje møte i arbeidsgruppa enno).
- Oddgeir Øren informerte om dirigentveka i Stavanger.

Vedtak: Regionstyret tek informasjon til orientering.

49/2014

Informasjon frå regionstyret sitt arbeidsutval (AU)

Regionstyreleiaren informerte om følgjande:

- Spjelkavik Drill får tildelt kr. 10.000,- i reisestøtte til EM drill 2014. Føresetnad om også nasjonal støtte..
- Midtnorsk meisterskap drill 2015 vert lagt til Averøy. AU legg opp til at Averøy og Molde får arrangementet annakvart år, dvs. Averøy i 2015 og Molde i 2016. Jf. også tidlegare drøfting i ordinært regionstyremøte.
- Molde Drill har i etterkant av AU sitt vedtak om å legge Midtnorsk meisterskap 2015 til Averøy, bestemt seg for å ha eit eige arrangement (Rosedrill) to veker før Midtnorsk meisterskap. Det har vore samtale mellom regionstyreleiar og Molde Drill sin styreleiar om bakgrunnen for dette og dei mulige uheldige sidene dette kan ha m.o.t. det korte tidsintervallet mellom arrangementa i 2015. Dialogen om dette blir følgt opp.

Vedtak: Regionstyret tek informasjonen til orientering.

Nordfjordeid, 13. september 2014 / Molde, 12. november 2014



Nils-Gunnar Solli  
regionstyreleiar



Ingrid Sofie Nygaard  
dagleg leiar

## Protokoll frå regionstyremøte

Møte nr. 5/2014

*Dato: 6. - 7. desember 2014*

*Hotell Ivar Aasen, Ørsta*

Til stades frå styret:

Nils-Gunnar Solli, Anita Nøring, Knut Mikkelsen, Grete Sjøhagen Nedrebø, Oddgeir Øren, Caroline Bjørge

Forfall:

Kari Klokseth

Til stades frå administrasjonen:

Kst. dagleg leiar Ingrid Sofie Nygaard

Møtet blei leia av regionstyreleiar Nils-Gunnar Solli

**Vedtaksaker:**

*50/2014*

*Godkjenning av saklista*

Vedtak:

Godkjent med tilleggssak 60/2014.

*51/2014*

*Økonomirapport pr. 31.10.14*

Vedtak:

Regionstyret tek økonomirapporten pr. 31.10.14 til etterretning.

*52/2014*

*Budsjettforslag 2015*

Dagleg leiar gjorde greie for rammene i budsjettet.

Vedtak:

Regionstyret viser til administrasjonen sitt forslag til budsjett for 2015 og vedtar dette med følgjande endringar / merknader:

1. Regionstyret viser til vedtak i regionstyresak B-35/2014 og opprettheld sitt standpunkt om ikkje å medverke til delfinansiering fram til 1. august 2015. Frå 1. august 2015 budsjetterer regionstyret med 20 % av nasjonal stilling plassert ved regionkontoret for Nordvest. Dette under føresetnad av at det blir gjort fast tilsetning i stillinga som dagleg leiar frå same dato. I tillegg er det ein føresetnad at nasjonal belastning tillagt regionen vert knytt til den nasjonale stillinga.

2. Regionstyret viser til forslag frå region Sør om å delta i finansiering av ei prosjektstilling knytt til aspirantutvikling. Prosjektet er ikkje tilstrekkeleg avklart når det gjeld økonomisk konsekvens og må derfor drøftast nærare med dei andre regionane.
3. Kr 15 000,- overført til NMF Nordvest frå Sogn og Fjordane Musikkråd i 2014 skal disponerast til dirigentutvikling i 2015. Tiltaket vert finansiert ved avsetjing i rekneskapen 2014.

53/2014

*Plan for gjennomføring av regionting*

Dagleg leiar gjorde greie for dei formelle rammene rundt gjennomføring av regionting.

Vedtak: Regionstyret sluttar seg til det framlagte oppsettet frå administrasjonen, men fastsetter frist for innsending av eventuelle saker frå medlemskorps til 1. februar 2015.

54/2014

*Plan for gjennomføring av Nordvestkonferansen*

Dagleg leiar gjorde greie for utkast til plan for konferansen.

Vedtak: Regionstyret sluttar seg til det framlagte forslaget til gjennomføring av Nordvestkonferansen med følgjande merknad: Programmet vert justert slik at det inneheld ei tidsramme for verkstad / dialog. Frist for påmelding vert sett til 20. mars 2015.

55/2014

*Søknad om tilskot til arrangement*

Dagleg leiar orienterte om søknaden som er komet inn.

Vedtak: NMF Nordvest arrangerer dirigentkurs i Sogndal 17. - 19. april 2015. Tiltaket vert finansiert ved avsetning i rekneskapen for 2014, jf. vedtak i sak 52/2014.

56/2014

*B-sak (ikkje offentleg), - sjå eigen protokoll*

60/2014

*Oppdatering av møteplan fram til Regionting 2015*

Vedtak: Regionstyret viser til vedtak i sak 28/2014 og korrigerer dette slik at møtet vart flytta til Nordfjordeid og blir gjennomført 14. - 15. februar 2015.

**Orienteringssaker:**

57/2014

*Nytt frå regionkontoret*

Dagleg leiar informerte om følgjande:

- Arbeidet med ny drillkonsulent er i gang
- Planlegging av sommarkurs er godt i gang
- Utdringar kring drillmiljøet i Averøy og Molde

Vedtak:

Regionstyret tek informasjonen til orientering.

58/2014

*Informasjon frå NMF Sentralt*

Dagleg leiar og regionstyreleiar mfl. orienterte om følgjande:

- Ny webside vert lansert 15. januar
- Nasjonal leiarsamling på Os
- Rettleiarsamling Hamar
- Nasjonal leiarsamling i Kragerø
- Organisasjonsutvalet
- NM Brass og pliktnummer

Vedtak:

Regionstyret tek informasjonen til orientering.

59/2014

*Informasjon frå regionstyret sitt arbeidsutval (AU)*

Regionstyreleiaren informerte om følgjande:

- AU-møte på Hamar 15. november

Vedtak:

Regionstyret tek informasjonen til etterretning.

Ørsta, 7. desember 2014



Nils-Gunnar Solli  
regionstyreleiar



Ingrid Sofie Nygaard  
dagleg leiar